

# Retningslinjer for kommunalt tilskott til landbruksformål

## Vedteke av kommunestyret 21.04.2016

### Formål

Formålet med desse retningslinene er å klargjera bruken av kommunale tilskottsmidlar for å stimulere til vidareutvikling av landbruksbruksnæringa i Lesja på ein kostnadseffektiv måte, og med langsiktig verknad. Det er følgjeleg lagt spesiell vekt på tiltak for å auke grovforproduksjonen i kommunen ved nydyrking. Retningslinene har også som mål å stimulere til nyetablering i husdyrhaldet.

### Avgrensing i tid og omfang

Tilskottsordninga gjeld frå og med år 2016 til og med år 2019 og har eit økonomisk omfang slik som fastsatt i budsjettet. Midlane skal som hovudregel disponerast i budsjettåret i samsvar med formål og retningslinjer.

### Tilskottsformål

Etter desse retningslinene kan det gjevast tilskott til (i prioritert rekkefølge) :

1. nydyrking
2. (lik prioritering)
  - a. nyetablering i husdyrhaldet
  - b. vatningsanlegg
3. andre landbruksrelaterte tiltak dersom det ved sluttdisponering av budsjettposten pr. 1.november står att ubrukte midlar.

Behandling av søknader om tilskott til pkt. 1 er delegert til rådmannen, medan det er forvaltningsstyret som behandlar søknader om tilskott til pkt. 2 og 3.

Forvaltningsstyret kan i spesielle høve sjå bort frå prioriteringsrekkefølge og formål i retningslinene.

### Generelle føringar for tilskott

Grunnvilkåra i forskrift for produksjonstilskott i jordbruket må vera oppfylte før tilskott til prioriterte tilskottsformål kan utbetalast, jamfør tilskottsformåla framfor, punkta 1 og 2.

For uprioriterte tiltak, punkt 3 gjeld kravet så langt det er tenleg i høve til formålet.

Før tiltakshavar set i gang arbeid med eit nydyrkingstiltak som det kan gjevast tilskott til, skal det overfor kommunen fremjast søknad om godkjenning av plan for tiltaket. Tiltaket kan ikkje igangsetjast før kommunen har gjeve løyve til omsøkt tiltak.

### Tilskott til nydyrking (Pkt 1)

Etter godkjenning og oppmåling av nydyrka areal skal det utbetalast eit kommunalt dyrkingstilskott til tiltakshavar med kr.1500,- pr. dekar.

Ved dyrking av leigd areal, skal det i samband med plangodkjenning krevjast framlagt skriftleg leigeavtale for kommunal godkjenning.

Dyrkingstilskott kan utbetalast til eigarar av foretak med meir enn 10 dekar jordbruksareal.

Det gjeld inga øvre arealavgrensing for tilskott pr. foretak. Godkjenning av plan for nydyrking skal ikkje gjevast til søkjar som i søknadsåret har jordbruksareal ute av drift.

Det kan gjevast tilskott til overflatedyrking dersom tilhøva på feltet er så krevjande at fulldyrking ikkje let seg gjera på forsvarleg vis grunna økonomisk eller miljømessig årsak.

Plangodkjenning for overflatedyrking skal berre gjevast etter kommunal/landbruksfagleg synfaring på staden. Dersom landbruksforvaltinga godkjenner plan for overflatedyrking, kan tilskott etter ferdiggodkjenning utbetalast med kr 1500,- pr. dekar.

Det skal ikkje gjevast løyve til torvuttak på areal som har fått kommunalt nydyrkingstilskott før tidlegast ti år etter nydyrking.

### **Tilskott til nyetablering i husdyrhaldet (Pkt 2a)**

Med nyetablering i husdyrhaldet meiner ein her oppstart med husdyrhald på driftseining/foretak som ikkje er registrert med husdyrhald av noko slag dei tre siste år. Dette betyr at søkjar som er med i samdrift, leiger ut mjølkekvote eller er part i anna foretak som driv med husdyrhald, ikkje kan løyvast tilskott. Unntak kan i spesielle tilfelle gjerast for ny eigar etter erverv av landbrukseigedom eller ved forpaktingskontrakt godkjent av kommunen. Tilskott kan utbetalast med inntil 50 % av dokumentert kjøp av produksjonsdyr avgrensa til kr 80.000,- Det blir ikkje gjeve nyetableringstilskott til same driftseining/søkjar meir enn ein gong.

### **Tilskott til vatningsanlegg (Pkt 2b)**

Etter ferdiggodkjenning for bygd vatningsanlegg skal det utbetalast tilskott med kr. 600,- pr. dekar nytt areal som blir vatna frå anlegget.

Kommunen kan i samband med plangodkjenning krevja framlegg av rekneskap. Dette slik at tilskottet ved spesielt kostnadseffektive utvidingar av anlegg kan avgrensast til maksimum 50 % av faktisk kostnad. Overflateutstyr reknast ikkje inn i tilskottsgrunnlaget. Tilskott til vatningsanlegg avgrensast elles til kr.60.000,- pr. foretak og anlegg.

Gravitasjonsanlegg skal av miljømessige årsaker prioriterast framfor anlegg med el-drift eller dieselmotor. Fellesanlegg prioriterast framfor enkeltanlegg.

Ved førehandsgodkjenning av plan skal det så langt råd er søkjast etter val av anleggsløysing og/eller samarbeidsløysing som er mest mogleg kostnadseffektiv. Røyr/slange, hydrantar og andre faste installasjonar skal gravast ned. I utmark kan det gjevast løyve til overflateføring etter konkret vurdering i det aktuelle tilfellet.

### **Andre landbruksrelaterte tiltak (Pkt 3)**

Eventuelle restmidlar skal disponerast fritt i slutten av året etter søknad. Frist 1.november.

Vilkår for tilskott er at omsøkte tiltak er landbruksrelatert. Tilskott til kjøp av husdyr skal likevel ikkje løyvast på anna grunnlag enn ved nyetablering i husdyrhaldet.

Søknader som har karakter av driftsstøtte skal ikkje imøtekomast.

Tiltak som har langsiktig verknad skal vektleggast tyngst. Fellestiltak går framfor enkelttiltak.

### **Tvil om forståing av retningslinene**

Dersom det oppstår tvil om tolking av retningslinene, skal rådmannen leggje tvilsspørsmålet fram for forvaltningsstyret som kan innarbeide presiseringar så langt dette gjeld tvilsspørsmål. Dersom det etter evaluering oppstår behov for endringar av retningslinene, skal forslag til reviderte retningsliner først leggast fram for forvaltningsstyret, deretter for kommunestyret til godkjenning.

### **Klage**

Klage over plankrav frå rådmannen går tilforvaltningsstyret som fattar endeleg vedtak.

Klage over tilskottsutmåling og/eller utbetaling frå rådmannen kan på same måte klagast til forvaltningsstyret som fattar endeleg vedtak.

Klage over utmåling av tilskott etter vedtak i forvaltningsstyret, skal vurderast på nytt i forvaltningsstyret med tanke på eventuell omgjering. Blir vedtaket ikkje gjort om, går klaga til kommunestyret for endeleg avgjerd.